

Frå

Fylkesmannen  
i Sogn og Fjordane

Hermansverk den 12. desbr 19 41

Telefonnr.:  
Fylkesmannen . . . . .56  
Kontoret . . . . .57

Hjn.....

Lavik Helseheim.

63 / HI

Til vitring sender eg hermed utskrift  
av möteboka for fylkesutvalet sitt möte den 26.f.m  
vedkomande sak nr.8:Lavik Helseheim-nykostnaden.

Vind A Aue  
M.

## Utskrift

av möteboka for fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylke.

År 1941, den 26. november vart det halde møte med fylkesformennene på fylkeskontoret.

Alle formennene var tilstades.

Fylkesmannen la fram desse saker til avgjerd:

### Sak nr. 8.

Lavik Helseheim - nykostnaden. Byggjenemnda har oversendt retskrav frå byggmeister S.T. Lie og Landbruk M/A med oppgåve over det nemnda meiner byggmeister Lie og Landbruk har til-gode. Nemnda tilrår at byggmeister Lie får utbetalt etter redusert krav kr.7.389,60.

Restkravet frå Landbruk er etter oppgjerde frå nemnda på kr.1.529,80 med tillegg av kr.200,- for ekstra montering arbeid medan Landbruk krev kr.2.208,15.

Nemnda meiner nå å vera ferdig med sitt arbeid og overlet til fylkesutvalet å fastsetja honorar til byggekomiteen.

### V e d t a k.

1. Byggmeister Lie kan utbetalast nemnde restsum kr.7.389,60 når dei manglar som er påpeikt i nemnda sitt skriv av 29/10 d.å. er utbetra og arbeidet godkjendt av byggjenemnda.
2. Om restkravet frå Landbruk sluttar ein seg til byggjenemnda og det vert å utbetala som restkrav kr.1.729,80.
3. Spursmålet om honorar (godtgjersla) til byggjenemnda står ut til byggjearbeidet endeleg er avslutta og godkjendt. Ein finn det og turvande å få ei oppgåva over det arbeid nemnda har hatt, med forslag frå formannen til godtgjersla for lemene av nemnda.

-----  
✓